



**SKJOLDEN SIN Plass:** Radmila Schweitzer leiar det wienbaserte Wittgenstein Initiative, ho trur det er fruktbart for wittgensteinforskinga at Skjolden blir kopla på og sett på som eit tredje liv og verke, her saman med journalist Clemens Panagl frå Salzburger Nachrichten og kultursjef Erling Bjørnethun i Luster.

# Skjolden og Wien finn kv

■ ■ Wittgenstein sine tre bein ■ ■ Får luft under vengjene ■ ■ Form

**SKJOLDEN: Luster har fått ein god partner i arbeidet med å byggja ny interesse rundt Wittgenstein.**

Relativt nyskipa Wittgenstein Initiative i Wien var nyss i Skjolden.

## Mange nye lesarar

Den austerriske gruppa omfatta fire personar, av desse var tre profilerte kulturjournalistar, frå Wien og Salzburg.

Dei kom for å bli kjende med Wittgenstein sitt Skjolden og utsiktene er no dei beste for at lesarar i Wittgenstein sitt heimland får ta del i og bli betre kjende med banda filoso-

fen hadde til Skjolden og det norske Vestlandet.

## Norske ambassaden

– Eg trur Skjolden har eit stort potensial på Wittgenstein, seier Radmila Schweitzer, som er Wittgensteininitiativets daglege leiar.

Med i selskapet var også Jon Erik Strømø frå UD, nyss plassert ved den norske ambassaden i Wien. Han er ei viktig brikke i samarbeidet mellom ambassaden og Wittgenstein Initiative som har gjort det mogleg å henta dei tre austerriske storavisene til Skjolden.

## Tre profilerte aviser

Tiltaket har kome til gjennom Knut Olav Åmås, leiar for stiftinga Fritt Ord. Han kopla den norske ambassaden i Austerrike med Wittgenstein Initiative.

Saman gjorde dei det mogleg å henta dei tre journalistane frå Austerrike til Noreg.

Dei tre skriv for Der Kurier og Der Standard i Wien og Salzburger Nachrichten. Som journalistar har dei ulike inngangar til Wittgenstein og Skjolden, men returnerer til heimlandet sitt med inntrykk frå fleire wittgensteinrelevante stader i bygda.

## Den fullkomne stilla

Såleis har dei synfare huset Wittgenstein bygde, som etter planen snart skal flyttast til den opphavlege staden sin, på ei berghylle over Eidsvatnet.

Sistnemnde stad stod naturlegvis på programmet for dei austerriske gjestene. I Skjolden går denne staden under same nemninga som filosofen sitt heimland. Ein vimpel i raudt og kvitt, landet sine far-

gar, blafrar friskt i den våryre lauvskogen.

Det var her Ludwig Wittgenstein (1889–1951) oppsøkte den fullkomne stilla for å bli ved, og utvikla, dei lange tankerekkje- ne han i ettertida er kjend for.

## Ynskjer nær kontakt

Staden er det perfekte retreat, som det heiter, og her grov denne mannen djupare i materien om kommunikasjon og formidling enn nokon annan 1900-tals filosof.

– Ein treng ikkje forstå filosofien hans for å vera begeistra for livet og arbeidet til denne mannen, seier Radmila Schweitzer, som no ynskjer etablere nær kontakt med Luster og Skjolden.

Ho forvaltar stor innsikt i Wittgenstein sitt liv og forstår at biletet av den store filosofen

ropar etter å bli komplettert, ikkje minst med kunnskap om filosofen sine mange opphald i Skjolden i åra mellom 1913 og 1951.

## Eit kulturikon

– Mitt ynskje er å etablere kontakt med Skjolden, seier Radmila Schweitzer, som forutan Skjolden, står seg på to andre bein under wittgensteinforskinga, Cambridge og Wien.

Det nyss skipa tiltaket har som mål å posisjonere Ludwig Wittgenstein som eit kulturikon i Austerrike.

– Det er heilt klart aukande internasjonal interesse for Wittgenstein, seier Radmila Schweitzer, som er eit levande leksikon på Wittgenstein sit liv.

Terje Eggum  
terje.eggum@sognavis.no